

Fylkeskommunalt investeringstilskot 2017

	Søkjær	Prosjektnamn	Om prosjektet (ifølgje søkjær)	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Stord kommune	Vikahaugane Ishall	I 2001 vart det etablert 250m rundbane med islagt isbane - totalt 5000 kvm aktivitetsflate. Etter 15 år drift gjer endringane i vær og klima det krevjande og dyrt å drifta utandørs isflate. Søkar ønskjer å byggje hall over aktivitetsflata. Ved etablering av ishall vil ein få ei ishockeybane + curlingfelt. Sommarstid vil ein ha 250m innline dekke. Ein vil då kunne trene skeise teknikk heile året.	39 000 000	6 000 000	1 000 000	I Regional kulturplan (2015-25) står det at "det er ønskeleg å vidareutvikle Slåtthaug Idrettspark i Bergen og Vikahaugane idrett på Stord, slik at dei vert meir attraktive og tilrettelagte anlegg." Anlegget er forankra i Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordaland (2016-2020) og Stord kommune sin kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025. Dette vert eit viktig regionalt anlegg og fylkesrådmannen tilrår å støtte søknaden.
2	Stord kommune	Stord Hestesport senter	Stord Hestesport senter har vore i full drift i tre år. Senteret har sju ulike anleggseiningar. Nabogård vart kjøpt i 2016. Ved å utvide anlegget har ein fått høve til å arrangere større stemner. Hovudinveringane som er påkrevd for å arrangere nasjonale stemne er; - ovalbane endras til ei stor utandørs ridebane og oppvarmingsarena, etablere ridesti/køreløype egna for maratonkjøring og istandsetting av gjesteboksar.	20 000 000	2 200 000	1 000 000	Anlegget er eit av 11 hovudanlegg for hestesport i Noreg (Norges Rytterforbund). Dei er tildelt Landsstevne i sprang i 2017 og NM for fjordhest i 2018. For å kunne gjennomføre desse store stemna lyt dei få ferdigstilt anlegget. Anlegget er forankra i Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordaland (2016-2020) og Stord kommune sin kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025. Dette vert eit viktig regionalt anlegg og fylkesrådmannen tilrår å støtte søknaden. Fylkesrådmann tilrår å støtte søknaden.
				59 000 000	8 200 000	2 000 000	